

PRESSEMELDING

Til: Redaksjonar i Møre og Romsdal
Frå: Nav Møre og Romsdal
Dato: 9. september 2025
Emne: Pressemelding om sjukefråværet 2. kvartal 2025

Moderat nedgang i sjukefråværet i Møre og Romsdal

Det legemeldte sjukefråværet i andre kvartal 2025 i Møre og Romsdal var på 5,8 prosent, 0,2 prosentpoeng høgare enn det samla fråværet for landet på 5,6 prosent. Sunndal har lågast fråvær i fylket med 4,2 prosent, medan Vanylven har høgst fråvær med 7,7 prosent. Sjukefråværet går ned i alle aldersgrupper.

Det legemeldte sjukefråværet i andre kvartal 2025 i Møre og Romsdal var på 5,8 prosent, ein nedgang på 0,1 prosentpoeng samanlikna med andre kvartal i fjor. Fråværet i Møre og Romsdal er dermed framleis høgare enn landsgjennomsnittet på 5,6 prosent.


Sunndal har framleis lågast fråvær

Sunndal har dei siste åra hatt det lågaste sjukefråværet i fylket. Slik er det også i 2. kvartal i år, med eit legemeldt fråvær på 4,2 prosent, ein reduksjon på 3,3 prosent det siste året.

Størst nedgang i fråværet finn vi i Aure med 25,5 prosent, ein nedgang frå 5,9 til 4,4 prosent. Stor nedgang er det også i Sykkylven, frå 7,1 til 5,5 prosent, ein nedgang på 22,9 prosent.

Ålesund hadde ein nedgang i sjukefråværet på 4 prosent, ned til 5,6 prosent. Molde og Kristiansund har ei auke i sjukefråværet i 2. kvartal. I Molde auka fråværet med 6,4 prosent, til 5,9, medan det i Kristiansund aukar med 4,9 prosent, til 6,2 prosent.

Figur 1: Sjukefråværet i Møre og Romsdal og landet i 2. kvartal sidan 2015



Størst nedgang blant dei yngste

Sjukefråværet går ned i alle aldersgrupper, og nedgangen er størst for dei under 30 år. Høgst fråvær er det i gruppa 60-69 år, men fråværet i denne gruppa er 3,2 prosent lågare enn i same kvartal i fjor.

Vi merkar oss også at dei under 30 år, og dei mellom 40-49 år, har eit fråvær som er likt eller lågare enn landsgjennomsnittet, medan dei andre aldersgruppene har eit høgare fråvær enn landet.

Tabell 1: Sjukefråvær i Møre og Romsdal 2. kvartal 2022-2025 i prosent etter aldersgrupper

Aldersgrupper	2. kvartal 2022	2. kvartal 2023	2. kvartal 2024	2. kvartal 2025	Endring i prosent siste år
16 - 19 år	1,8 %	2,1 %	2,1 %	1,9 %	-8,0 %
20 - 29 år	4,5 %	4,5 %	4,8 %	4,6 %	-3,4 %
30 - 39 år	5,5 %	5,9 %	6,2 %	6,1 %	-2,3 %
40 - 49 år	5,6 %	5,7 %	5,8 %	5,6 %	-3,0 %
50 - 59 år	6,4 %	6,3 %	6,4 %	6,3 %	-2,0 %
60 - 69 år	7,2 %	7,0 %	7,1 %	6,8 %	-3,2 %
Sum	5,7 %	5,8 %	5,9 %	5,8 %	-2,6 %

Sjukefråværet ned i kommunal sektor, men aukar i statleg forvaltning

I kommunal forvaltning gjekk sjukefråværet i andre kvartal ned med 2,9 prosent, til 7,7 prosent. Privat og offentleg næringsverksemd har eit fråvær på 5,0 prosent, ein nedgang på 3 prosent. I statleg forvaltning var fråværet 6,5 prosent, ein auke med 1,6 prosent, samanlikna med andre kvartal i fjor.

Tabell 2: Sjukefråvær i Møre og Romsdal 2. kvartal 2022-2025 i prosent etter sektor

Sektor	2. kvartal 2022	2. kvartal 2023	2. kvartal 2024	2. kvartal 2025	Endring i prosent siste år
Kommunal forvaltning	7,8 %	7,5 %	7,9 %	7,7 %	-2,9 %
Privat og offentleg næringsverksemd	4,9 %	5,0 %	5,2 %	5,0 %	-3,0 %
Statleg forvaltning	6,0 %	6,5 %	6,4 %	6,5 %	1,6 %
Sum	5,7 %	5,8 %	5,9 %	5,8 %	-2,6 %

Tabell 3: Sjukefråvær i Møre og Romsdal 2. kvartal 2021-2025 i prosent etter fylker og kommunar

	2. kvartal 2021	2. kvartal 2022	2. kvartal 2023	2. kvartal 2024	2. kvartal 2025	Endring siste år
Landet	5,1 %	5,2 %	5,5 %	5,9 %	5,6 %	-5,1 %
Agder	5,6 %	5,6 %	5,8 %	6,2 %	5,8 %	-5,8 %
Akershus	4,9 %	5,1 %	5,3 %	5,9 %	5,5 %	-6,5 %
Buskerud	5,2 %	5,3 %	5,7 %	6,0 %	5,6 %	-5,9 %
Finnmark	6,6 %	6,4 %	6,5 %	6,6 %	6,7 %	0,2 %
Innlandet	5,5 %	5,6 %	5,8 %	6,0 %	5,8 %	-4,1 %
Møre og Romsdal	5,6 %	5,7 %	5,8 %	5,9 %	5,8 %	-2,6 %
Nordland	6,1 %	6,1 %	6,3 %	6,3 %	6,3 %	-0,9 %
Oslo	4,0 %	4,3 %	4,5 %	5,1 %	4,8 %	-6,0 %
Rogaland	4,7 %	4,6 %	4,7 %	5,1 %	4,8 %	-5,6 %
Telemark	5,5 %	5,5 %	5,8 %	6,2 %	5,7 %	-7,7 %
Troms	5,9 %	6,0 %	6,2 %	6,6 %	6,3 %	-4,6 %
Trøndelag	5,3 %	5,3 %	5,7 %	5,9 %	5,7 %	-2,4 %
Vestfold	5,1 %	5,2 %	5,5 %	6,0 %	5,8 %	-4,2 %
Vestland	5,3 %	5,4 %	5,6 %	6,0 %	5,6 %	-7,1 %
Østfold	5,5 %	5,9 %	6,2 %	6,8 %	6,4 %	-5,7 %
1505 Kristiansund	5,8 %	5,9 %	5,8 %	5,9 %	6,2 %	4,9 %
1506 Molde	5,3 %	5,5 %	5,4 %	5,5 %	5,9 %	6,4 %
1508 Ålesund				5,8 %	5,6 %	-4,0 %
1511 Vanylven	7,1 %	7,3 %	8,2 %	7,7 %	7,7 %	0,3 %
1514 Sande	5,9 %	5,7 %	6,4 %	5,6 %	5,2 %	-5,8 %
1515 Herøy	6,0 %	6,1 %	5,7 %	6,1 %	5,9 %	-4,0 %
1516 Ulstein	5,0 %	5,0 %	5,0 %	5,1 %	4,7 %	-8,4 %
1517 Hareid	5,9 %	6,7 %	5,3 %	6,3 %	5,8 %	-6,8 %
1520 Ørsta	6,4 %	5,6 %	6,2 %	6,6 %	6,7 %	0,8 %
1525 Stranda	5,9 %	6,0 %	6,7 %	6,2 %	6,0 %	-2,3 %
1528 Sykkylven	5,4 %	5,9 %	6,7 %	7,1 %	5,5 %	-22,9 %
1531 Sula	5,9 %	5,8 %	6,0 %	6,0 %	6,0 %	-0,8 %
1532 Giske	5,8 %	5,9 %	6,6 %	6,6 %	6,4 %	-1,7 %
1535 Vestnes	6,9 %	6,2 %	5,8 %	7,0 %	6,1 %	-13,5 %
1539 Rauma	6,4 %	5,2 %	5,6 %	5,7 %	5,3 %	-7,6 %
1547 Aukra	6,1 %	5,6 %	6,0 %	5,8 %	6,0 %	4,5 %
1554 Averøy	6,1 %	6,6 %	6,2 %	6,0 %	6,4 %	7,0 %
1557 Gjemnes	5,7 %	5,9 %	4,7 %	6,2 %	6,0 %	-4,3 %
1560 Tingvoll	6,0 %	6,1 %	5,7 %	6,4 %	5,8 %	-9,4 %
1563 Sunndal	3,7 %	4,2 %	4,0 %	4,3 %	4,2 %	-3,3 %
1566 Surnadal	5,8 %	5,8 %	4,9 %	5,4 %	4,9 %	-9,3 %
1573 Smøla	6,0 %	6,5 %	6,1 %	6,3 %	5,7 %	-9,1 %
1576 Aure	5,4 %	5,6 %	5,4 %	5,9 %	4,4 %	-25,5 %
1577 Volda	6,2 %	6,6 %	5,9 %	6,8 %	6,1 %	-9,5 %
1578 Fjord	6,7 %	6,2 %	6,3 %	6,5 %	6,8 %	4,0 %
1579 Hustadvika	5,4 %	5,7 %	5,7 %	6,0 %	6,0 %	-1,2 %
1580 Haram				5,4 %	5,7 %	4,5 %